

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-614  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
045/21	Alver formannskap	22.04.2021
065/21	Alver kommunestyre	06.05.2021

### **Nytt mandat for Brannstasjon på Manger**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek nytt mandat slik det ligg føre i vedlegg til saka

#### **Alver formannskap 22.04.2021:**

##### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **FO- 045/21 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek nytt mandat slik det ligg føre i vedlegg til saka

#### **Alver kommunestyre 06.05.2021:**

##### **Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

##### **KO- 065/21 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek nytt mandat slik det ligg føre i vedlegg til saka

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i Formansskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Bakgrunn**

Arbeidstilsynet har kome med krav til utbetringar av eksisterande brannstasjon på Manger. Stasjonen er i dag samlokalisert med driftsstasjonen. Tilbake i 2017 er det gjort vurderingar av eksisterande bygg. Konklusjonen den gongen var at det mest hensiktsmessige var å etablere ny stasjon på eigen tomt på Solendmyra. Det vart løyvd 15 mill kroner til prosjektet.

Solendmyra er pr i dag under regulering. Den aktuelle tomta for brannstasjon har ikkje framlagt teknisk infrastruktur som veg, vatn, avløp og straum. For å kunne etablere ny stasjon på Solendmyra vil ein truleg måtte auke den vedtekne økonomiske ramma.

Rådmann ønskjer difor at ein på nytt vurderer om det er mogeleg å stette krava frå Arbeidstilsynet ved å gjere ombygging og tilpassingar i eksisterande stasjon. Målet er at ein skal realisere prosjektet innanfor den vedtekne ramma.

#### **Saksopplysningar:**

Vedlagt mandat skildrar arbeid og leveransar i konseptfasen. Ut frå arbeidet i konseptfasen skal ein kunne gjere vurderingar av om ein skal gå vidare med eit ombyggingsprosjekt eller halde på den opprinnelege planen med å bygge ny brannstasjon.

**Vedlegg i saken:**

15.04.2021 Mandat brannstasjon

1542394